

SULA KOMMUNE KONTROLLUTVALET

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I SULA KONTROLLUTVAL

Onsdag 28.10.2020 kl. 14.00 på Sula rådhus, møterom 4. etasje

Møtet starter med ei orientering om prosessen med reguleringsplan for gang- og sykkelveg til Rørstadmarka skule, trinn 1.

SAKLISTE:

- Sak 22/20 Godkjenning av møtebok frå møte 26. august 2020
- Sak 23/20 Presentasjon av revisjonsplan 2020
- Sak 24/20 Reglement for Sula kontrollutval – sak utsett frå møte i kontrollutvalet 26. august 2020.
- Sak 25/20 Oppfølging av kommunestyret sitt vedtak om plan for forvaltningsrevisjon
- Sak 26/20 Plan for eigarskapskontroll for Sula kommune
- Sak 27/20 Møteplan for Sula kontrollutval 2021

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 926 11735 til dagleg leiar eller e-post bjorn.tommerdal@sksiiks.no

Olav Bjarne Skodje
leiar
(sign.)

SAK 22/20 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 26. AUGUST 2020

KONTROLLUTVALET I SULA KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato: 26.08.2020, kl.14.00

Møtestad: Sula rådhus, møterom 3. etasje

Møtet vart leia av Olav Bjarne Skodje.

Elles til stades:

Gunvor Reistad Aannø, Aslak Digernes, Svein Værnes og Inger Øien.

= 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå kommunerevisjonen møtte forvaltningsrevisor Kurt Løvoll.

Frå Sula kommune møtte rådmann Leon Aurdal.

Det var ingen merknader til innkallinga. Sakslista blei godkjent.

Sak 17/20 Godkjenning av møtebok frå møte 20. mai 2020

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 19. august 2020

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner møteboka frå møte 20. mai 2020.

Sak 18/20 Plan for forvaltningsrevisjon Sula kommune 2020-2023

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 19. august 2020

Innstilling frå kontrollutvalsekretariatet:

innstilling til Sula kommunestyre:

1. Sula kommunestyre godkjenner kontrollutvalet sitt forslag til plan for forvaltningsrevisjon 2020-2023 med følgende prioriterte fokusområder:
 1. Sakshandsaming i barnevernet
 2. Rutinar for offentlig innkjøp
 3. Økonomistyring i heimetenesten
2. Sula kommunestyre gir kontrollutvalet mynde til å foreta endringar av planen i perioden hvis det er naudsynt.

Leiar Olav Bjarne Skodje fremma på vegne av kontrollutvalet følgjande endringsforslag:

Punkta i prioritert rekkefølge skal lyde:

1. Sakshandsaming i barnevernet
2. Oppfølging av rutinar for offentlig innkjøp
3. Økonomistyring i pleie- og omsorgstenesta

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

innstilling til Sula kommunestyre:

1. Sula kommunestyre godkjenner kontrollutvalet sitt forslag til plan for forvaltningsrevisjon 2020-2023 med følgende prioriterte fokusområder:
 1. Sakshandsaming i barnevernet
 2. Oppfølging av rutinar for offentlig innkjøp
 3. Økonomistyring i pleie- og omsorgstenesta
2. Sula kommunestyre gir kontrollutvalet mynde til å foreta endringer av planen i perioden hvis det er naudsynt.

Sak 19/20 Forslag til reglement for Sula kontrollutval 2020 - 2023

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 19. august 2020

Innstilling frå kontrollutvalsekretariatet:

Sula kontrollutval sluttar seg til framlagte forslag til reglement for kontrollutvalet. Kontrollutvalet sender saka over til kommunestyret med følgende innstilling til vedtak:

Sula kommunestyre vedtar kontrollutvalet sitt forslag til reglement for perioden 2020 – 2023.

Leiar Olav Bjarne Skodje fremma på vegne av kontrollutvalet følgjande forslag:

Saka blir utsett og sendast rådmann for kommentarar.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Saka blir utsett og sendast rådmann for kommentarar.

Sak 20/20 Budsjettforslag 2021 Sula kontrollutval

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 19. august 2020

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet sitt budsjettforslag til kurs og reiseaktivitet blir sett til kr 40.000,-.
2. Sula kommune sine kostnader til kjøp av revisjonstenester frå Møre og Romsdal Revisjon SA vurderast til 900.000,-.
3. Saka sendast over til rådmann for innarbeiding i kommunens budsjett for 2021, men står uendra til kommunestyrets budsjettbehandling, jfr Forskrift om kontrollutval i kommunar, § 2 budsjettbehandlinga.

Sak 21/20 Rutinar for saker handsama av Sula kommunestyre v/ rådmann Leon Aurdal

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 19. august 2020

Det var ikkje lagt ved innstilling til vedtak frå kontrollutvalsekretariatet.

Rådmann Leon Aurdal ga utvalet ei orientering og fortalde om den nye ordninga med vedtakrekneskap. Denne vert presentert for kommunestyret fyrste gong på deira møte 27. august 2020. Kontrollutvalet fekk høve til å stille spørsmål og diskutere ordninga.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takkar rådmannen for orienteringa og tek den til vitande.

Eventuelt:

Kontrollutvalet var einig om at møterommet i 3. etasje var dårleg egna i desse covid 19-tider. Kontrollutvalet ber om at ein på neste møte 28. oktober 2020 får eit større møterom.

Møtet var slutt kl. 15.45

Olav Bjarne Skodje Leiar
(sign.)

Gunvor Reistad Aannø
Nestleiar
(sign.)

Aslak Digernes
Medlem
(sign.)

Svein Værnes Medlem
(sign.)

Inger Øien
Medlem
(sign.)

SAK 23/20 PRESENTASJON AV REVISJONSPLAN 2020

- Vedlegg:**
1. stadfesting av revisors uavhengigheit
 2. kommunikasjon/revisjonsplan 2020
 3. forenkla etterlevelseskontroll

Bakgrunn:

Kontrollutvalet fyller sitt ansvar for å sjå til at revisjonen blir utført på ein forsvarleg måte ved å gjennomføre aktivitetar knytte til oppfølging av revisjonen og revisjonsarbeidet. Dette kan omfatte:

- revisor si uavhengigerklæring
- kvalitetskontrollar hjå revisor
- avtalar mellom kontrollutval og revisor
- engasjementsbrev for revisjonsoppdraget
- strategi og plan for revisjonen, og risikovurderingar
- revisjonsrapportar
- nummererte brev

Vurdering:

Det er eit krav at revisor skal utarbeide ein plan for korleis revisjonen skal gjennomførast. Revisjonsplanen byggjer på ein overordna revisjonsstrategi som skildrar føremål og omfang på revisjonen, når revisjonen skal utførast og kva angrepsvinkel den skal ha.

Revisjonsplanen og strategien skal byggje på ei risiko- og vesentlegvurdering. Det er mange forhold som inngår i denne vurderinga, mellom anna endringar i oppgåver, tenester og organisering i kommunen, og om eit område har blitt revidert tidlegare år.

Planen vil mellom anna omfatte dei rekneskapsområda og rekneskapspostane som vil inngå i den årlege revisjonen. Einskilde område vil som regel inngå i revisjonsplanen kvart år. Dette gjeld til dømes store inntekts- og utgiftspostar som skattar, rammetilskot, løn og innkjøp. Vidare skildrar revisjonsplanen kva revisjonshandlingar revisor skal utføre innan dei einskilde områda, og tidspunkt for gjennomføring.

Tilråding til vedtak:

Sula kontrollutval tek framlagte revisjonsplan 2020 til vitande

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Til Kontrollutvalget i Sula Kommune

Kopi:
Rådmann
Kommunestyret

Bekreftelse av revisors uavhengighet

I samsvar med forskrift om revisjon § 15, jf. kommuneloven § 24-4, avgir undertegnede oppdragsansvarlig revisor med dette sin egen vurdering av vår uavhengighet til kontrollutvalget. Undertegnede er kjent med at kravet til uavhengighet og objektivitet også gjelder for revisors medarbeidere. I Møre og Romsdal Revisjon SA sine revisjonsplaner inngår en vurdering av uavhengigheten til hver enkelt revisor i virksomhetens revisjonsteam som et eget punkt i revisjonsplanen.

Oppdragsrevisors egen vurdering av kravene

Forskriftskrav	Egen vurdering
1. Krav til revisors uavhengighet, jf forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 16	§ 16. Undertegnede bekrefter at det ikke foreligger spesielle forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisorens uavhengighet og objektivitet.
2. Revisors tilknytning til den reviderte virksomheten, jf forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 17	§ 17. Undertegnede bekrefter at revisor ikke har en slik tilknytning til den reviderte eller kontrollerte virksomheten eller virksomhetens ansatte eller tillitsmenn at den er egnet til å svekke revisorens uavhengighet og objektivitet. Heller ikke revisors nærstående har slik tilknytning.
3. Revisors stillinger, verv og tjenester, jf. forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 18	§ 18 a. Undertegnede bekrefter at revisor ikke har andre stillinger i kommunen eller fylkeskommunen
	§ 18 b. Undertegnede bekrefter at revisor ikke har andre stillinger i en virksomhet som kommunen eller fylkeskommunen deltar i, eller er eier av
	§ 18 c. Undertegnede bekrefter at revisor ikke er medlem av styrende organer i virksomhet som kommunen eller fylkeskommunen deltar i eller er eier av, utover at revisors virksomhet utfører revisjon og er organisert som et interkommunalt selskap, samvirkeforetak eller aksjeselskap
	§ 18 d. Undertegnede bekrefter at revisor ikke deltar i, eller har funksjoner i en annen virksomhet, som medfører at revisorens

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

interesser kommer i konflikt med interessene til kommunen eller fylkeskommunen, eller på annen måte er egnet til å svekke tilliten til revisoren

§ 18 e. Undertegnede bekrefter at revisor ikke utfører rådgivningstjenester eller andre tjenester for kommunen eller fylkeskommunen, som er egnet til å svekke revisorens uavhengighet og objektivitet

§ 18 f. Undertegnede bekrefter at revisor ikke yter tjenester som hører inn under den reviderte virksomhetens egne ledelses- og kontrolloppgaver

§ 18 g. Undertegnede bekrefter at revisor ikke opptrer som fullmektig for den reviderte virksomheten, unntatt ved bistand i skattesaker etter domstolsloven § 218.

Ålesund, 2. oktober 2020

Møre og Romsdal Revisjon SA



Kathrin Haram

oppdragsansvarlig regnskapsrevisor

KOMMUNIKASJONS- OG REVISJONSPLAN

SULA KOMMUNE


OPPSTARTSMØTE MED ADMINISTRASJON / KONTROLLUTVALG

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

1


MØRE OG ROMSDAL REVISJON SA FRA 01.01.2020

2




25 ansatte med høy kompetanse

Kontor i Kristiansund, Ålesund, Molde og en ansatt i Surnadal.
Et betydelig kompetansemiljø i Møre og Romsdal.



Representerer 219 000 innbyggere

Nye Ålesund kommune, nye Molde kommune, Hustadvika kommune, Fjord kommune sammen med 13 andre kommuner, samt Møre og Romsdal fylkeskommune



Estimert omsetning på om lag MNOK 30

Regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, selskapskontroll, attestasjoner og rådgivning

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

2

VÅR KOMPETANSE

3

- ▶ Vi kjenner kommunene våre og kommunal sektor godt
- ▶ Vi har et bredt fagmiljø som består av:
 - ▶ Statsautoriserte revisorer
 - ▶ Registrerte revisorer
 - ▶ Samfunnsvitere
 - ▶ Statsvitere
 - ▶ Diplomert internrevisor
 - ▶ Jurist m.m.



MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

3

REVISJONSHONORAR

4

- ▶ Honorar gjeldende kommune:
 - ▶ 2021 ESTIMAT: TNOK 810 inkl. forvaltningsrevisjon og overordnet analyser.
- ▶ Honoraret bestemmes av faktisk medgått tid og blir fakturert i kategoriene:
 - ▶ Revisjonshonorar inkl. møter
 - ▶ Attestasjoner
 - ▶ Forvaltningsrevisjon
 - ▶ Ev. andre særskilte bestillinger


MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

4

VIRKSOMHETSSTYRING – «ORDEN I EGET HUS»

5

Effektiv kontroll i forretningsprosessene/ tjeneste-produksjon gir kvalitet i finansiell rapportering.




Revisjonens forretningsorienterte og kontrollorienterte angrepsvinkel

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

5

MODENHETSNIVÅ FOR INTERNKONTROLL

6




MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

6

PLAN FOR KOMMUNIKASJON

7



MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

7

REVISJONSPLAN 2020

SULA KOMMUNE

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

8

GENERELLE RISIKOER 2020

- ▶ Ny kommunelov og forskrifter
 - ▶ Obligatoriske skjema
 - ▶ Minsteavdrag
 - ▶ Finansreglement
 - ▶ Regnskapsavslutning
- ▶ Lov om offentlige anskaffelser
- ▶ Transaksjoner med nærstående
- ▶ Skille drift- og investeringsutgifter
- ▶ Merverdiavgiftskompensasjon

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

9

SÆRLIGE RISIKOOMRÅDER 2020

- ▶ Budsjettjusteringer
 - ▶ Budsjettavvik gjennom året – realisme i investeringsbudsjettet
 - ▶ Nye budsjettskjema for 2020
- ▶ Økonomi
 - ▶ Høy lånegjeld
 - ▶ Lite økonomisk handlingsrom gir økt risiko for feil
 - ▶ Påvirker særlig periodisering og skillet mellom drift og investering
- ▶ Økonomi og finansreglement
 - ▶ Kvalitetssikring, gjennomgang og ny behandling i kommunestyret
- ▶ Minimumsavdrag
 - ▶ Ikke lenger valgfrihet av metode for 2020
- ▶ IT sikkerhet

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

10

GJENNOMFØRING

11

- ▶ Planfase September - Oktober
 - ▶ Foreløpig vurdering av risiko
 - ▶ Foreløpig vurdering av internkontroll
 - ▶ Vesentlighetsgrenseberegning
 - ▶ Ressursplanlegging

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

11

GJENNOMFØRING INTERIM (NOV-DES)

12

- ▶ Kartlegging internkontroll og testing
 - ▶ Transaksjoner med nærstående
 - ▶ Delegasjon/fullmakter
- ▶ Substanshandlinger inkl. analyser
- ▶ Gjennomgang av skille drift/investering for inneværende år og for neste budsjettår
- ▶ Forenklet etterlevelseskontroll
- ▶ Attestasjoner
 - ▶ Mva-kompensasjon
 - ▶ Attestasjon av tilskudd, bygg mm

Gjennomføres ved revisjonsbesøk hos kommunen, besøk enheter og kontorrevisjon.

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

12

FORBEREDELSE ÅRSOPPGJØR (DES-JAN)

13

- ▶ Tilbakemeldinger etter interim
- ▶ Utsending av PBC-liste for forventningsavklaring for dokumentasjon og avstemming

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

13

GJENNOMFØRING ÅRSOPPGJØR

14

- ▶ Kontroll av avstemming
- ▶ Kontroll av årsoppgjørsposter
- ▶ Avsetninger
- ▶ Låneavdrag
- ▶ Tapsavsetninger
- ▶ Verdivurderinger
- ▶ Saldoforespørsler
- ▶ Ev. bankbrev

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

14

GJENNOMFØRING ÅRSOPPGJØR FORTS.

15

- ▶ Gjennomgang av årsregnskapet
- ▶ Gjennomgang av noter
- ▶ Gjennomgang av årsmelding
- ▶ Kontroll av budsjett i årsregnskapet (budsjettvedtak og vesentlige avvik)
- ▶ Vurdering av avsetning/ bruk av fond
- ▶ Fullstendighetserklæringer

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

15

RAPPORTERING TIL ADMINISTRASJONEN

16

- ▶ Revisjonsplan og risikovurdering – Oktober
- ▶ Interimsrapportering – Desember/Januar
- ▶ Rapportering etter årsoppgjøret og attestasjon forenklet etterlevingskontroll – Mai/Juni 2021

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

16

REVISJONSTEAM REGNSKAPSREVISJON

17

- ▶ Oppdragansvarlig: Kathrin Haram
- ▶ Team manager: Toril Roaldseth
- ▶ Revisor særattestasjoner: Randi Kalvatsvik

Egne team for forvaltningsrevisjon.

Øvrige revisorer i MRR er tilgjengelige ved behov.

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

17

“ Vi vil bidra til at innbyggerne i
vårt distrikt får enda bedre
kommuner å bo i ”

- Møre og Romsdal Revisjon SA

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

18

Forenkla etterlevingskontroll 2020

KONTROLLUTVALET SULA KOMMUNE

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

1

Revisjonens overordnede mål

2

- ▶ Effektiv og trygg forvaltning av offentlege midlar
- ▶ Vi skal uttale oss om
 - ▶ disposisjonar er i samsvar med budsjett
 - ▶ årsrekneskapen er i samsvar med lover og forskrifter
 - ▶ årsmeldinga er konsistent med årsrekneskapen
 - ▶ ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar
 - ▶ Forenkla etterlevingskontroll
- ▶ Utført rekneskapsrevisjon vert stadfesta kvart år i revisjonsmeldinga.

Forenkla etterlevingskontroll i eigen rapport ihht ISAE 3000
«Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon ...»

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

2

Forenkla etterlevingskontroll

3

► Heimel i kommunelova § 24-9.

Formålet er å førebygge og avdekke alvorlege feil og manglar i økonomiforvaltninga som ikkje blir kontrollert under den finansielle revisjonen.

Kontrollen blir utført av kommunens valde rekneskapsrevisor, med avgrensa ressursbruk. Revisor vel ut eit område for kontroll basert på risiko- og vesentlighetsvurdering.

► Risikovurdering – vurdering av område innfor økonomiforvaltning der det er mest sannsynleg at det er brot på regelverk og vedtak, og kva konsekvensar brot kan få.

► Vesentlighetsvurdering - kvantitativt (beløpsstørrelse, for kommunen, enkeltpersoner eller grupper) og/eller kvalitativt (t.d. omdømetap eller politisk prioritering)

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

3

Kontrollutvalet

4

► Revisor si risiko- og vesentlighetsvurdering skal leggjast fram for kontrollutvalet til orientering

Vald område skal vere tydelig avgrensa og det skal vere klart kva som inngår i kontrollhandlingane

Attestasjonsuttale til kontrollutvalet innan 30. juni 2021 etter å ha mottatt uttale frå kommunedirektør (rådmann)

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

4

Risikoer

5

► Generell risiko for alle kommunar – lovforarbeid og revisjonsstandard

- Etterleving av regelverk for offentlege innkjøp
- Sjølvkost
- Finansforvaltning
- Offentleg støtte
- Tilskot til private barnehagar
- Kontraktsoppfølgning
- Tilskotsforvaltning
- Etterleving personvern GDPR
- Opphaldsbetaling sjukeheim

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

5

Risikovurdering

6

Risiko nr.	Risikofaktor	Risiko for feil	Eksisterende tiltak/merknad til risikoen	S	K	Risiko-nivå
R1	Offentlege innkjøp	Komplisert regelverk	Medlem i innkjøps-samarbeidet på Sunnmøre. Avtale med Odin Prosjekt AS. Avdekt brudd på terskelverdier i 2019. Gjennomført kontroll 2017	3	4	Høy
R2	Sjølvkost	Komplisert regelverk	Brakar ekstern kompetanse: Momentum	3	2	Lav
R3	Finansforvaltning	Høg gjeld, langsiktige finansielle aktiv	Gode finansreglement. Ekstern forvalter	2	4	Middels
R4	Offentleg støtte	Brøt på EØS-regelverket for offentlig støtte	Eksisterende støtteordninger blir rekna som "dagatellmessige"	1	2	Lav
R5	Tilskot til private barnehagar	Stor del private barnehagar	Gjennomført etterlevingskontroll 2019	2	3	Middels
R6	Kontraktsoppfølgning	Ikke kartlagt	Ikke kartlagt	3	3	Middels
R7	Tilskotsforvaltning	Fleire ulike tilskotsordningar	Eigne retningslinjer for kvar tilskotsordning	1	1	Lav
R8	Etterleving personvernreglar	Komplisert regelverk	Kommunen har eige personvernombod. Samarbeid med Alesund om IKT og tilganger, og sikkerhet blir lagt høg vekt på.	1	2	Lav
R9	Opphaldsbetaling sjukeheim	Sakshandsamar har generelt god forståing og praktisering av regelverk	Ikke gjennomført kontroller på dette del siste åra.	1	3	Middels


MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

6

Risikovurdering

7



MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

7

Val av risikoområde

8

- Revisor vurderer at det vil vere mest relevant å ta forenkla etterlevingskontroll av risiko 9

- Opphaldsbetaling sjukeheim – langtidsopphald for 2020

Dette er med bakgrunn i at

- Berekinga vedrører den enkelte beboers personlege økonomi
- Det er få personer som utfører og har kompetanse på området – nøkkelpersonrisiko
- Vi har ikkje gjennomført kontroll på dette dei siste åra

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

8

Konkret vurdering

9

- ▶ Utvalde kriterium for kontroll:
 1. Kommunen har etablert skriftlege rutiner/systemer for vederlagsberekninga
 2. Kommunen har rutiner for å gjennomføre etterberekning for alle bebuarar
 3. Kommunen har mottatt/ikkje mottatt klager på vederlagsberekning dei siste fem åra
 4. Kommunen er/er ikkje sårbare ved sjukdom/fravær
- ▶ Kilde for kriterium:
 1. Forskrift om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester
 2. Kommunens skriftlege rutiner og retningslinjer
 3. Bok: Betaling for beboere i institusjon. Forfattere: Åsmund Edvardsen og Leif Kåre Helland

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

9

10

“ Vi vil bidra til at innbyggerne i
vårt distrikt får enda bedre
kommuner å bo i ”

- Møre og Romsdal Revisjon

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

10

SAK 24/20 REGLEMENT FOR SULA KONTROLLUTVAL – SAK UTSATT FRÅ MØTE I KONTROLLUTVALET 26. AUGUST 2020

Bakgrunn:

Frå møteboka 26. august 2020:

Leiar Olav Bjarne Skodje fremma på vegne av kontrollutvalet følgjande forslag:

Saka blir utsett og sendast rådmann for kommentarar.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak: Saka blir utsett og sendast rådmann for kommentarar.

Sekretariatet har mottatt kommentarar frå Rådmann Leon Aurdal på epost måndag 19. oktober 2020. Her skriv rådmann følgande:

Har lest gjennom utkast til reglement på nytt. Har merknad berre til det som også var oppe i samtalane i siste kontrollutvalsmøte.

Eg meiner at dei fem siste linjene i første avsnitt i §7.2 bør strykast; (f.o.m. «Dersom kontrollutvalet bed om...» T.o.m. «...krevje å vere til stades under forklaringa.»).

Vurdering:

Kontrollutvalsekretariatet ønskjer å utdjupe litt nærare kvifor § 7.2 er tatt med i forslaget til reglement for kontrollutvalet.

Kommunedirektøren har berre rett til å møte og delta i kontrollutvalet sine møte etter krav/oppmøding frå utvalet, jfr. kommunelova § 13-1, femte ledd. Kontrollutvalet er gitt mynde til å kalle inn den som er ynskjeleg frå administrasjonen, jfr. § 23-2, tredje ledd som reglementet syner til.

Dersom utvalet ynskjer å ta imot direkte informasjon frå andre enn kommunedirektøren, har utvalet høve til det.

Reglementet vil gjere det lettare for ein tilsett å gi utvalet ein fri omtale av faktiske tilhøve i ei sak når overordna ikkje samtidig har ei rolle i det same møtet. Ei forklaring kan også lett verte farga eller påverka av at ein overordna er til stades når opplysningane vert gjevne. Det kan då vere opplysningar som ikkje kjem fram. I så fall oppnår ikkje utvalet det som er ynskjeleg.

Dette bygg på at kontrollutvalet har eit sjølvstendig mandat og ansvar for å få opplysningar, gjerne også om problematiske tilhøve. Reglementet let det vere opp til utvalet sjølv kor langt slikt mynde skal nyttast i høve til kommunedirektøren og tilsette. Forslaget til reglement er for eksempel ikkje til hinder for at den tilsette sine opplysningar kjem fram med kommunedirektøren til stades. Venteleg vil kontrollutvalet til vanleg finne at dette er greitt.

Det kan nemnast at reglementet inneber på dette punktet inga utviding av det mynde som følgjer av kommunelova. Formuleringane er likevel nyttige som informasjon til utvalet om kva løysingar som kan veljast, når utvalet finn at situasjonen tilseier det.

Eit reglement som legg til rette for fullstendig informasjon vil auke ålmenta sin tillit til kontrollutvalsarbeidet.

Sekretariatet har også vurdert det slik at formuleringane synleggjer rollefordelinga mellom administrasjonen og kontrollutvalet.

Med bakgrunn i dette opprettheld sekretariatet si opphævelege innstilling til vedtak.

Innstilling til vedtak:

Sula kontrollutval sluttar seg til framlagte forslag til reglement for kontrollutvalet. Kontrollutvalet sendar saka over til kommunestyret med følgande innstilling til vedtak:

Sula kommunestyre vedtar kontrollutvalet sitt forslag til reglement.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Kjetil Kvammen
Juridisk rådgjevar

«For å klargjøre rammene for og innholdet i kontrollutvalgets oppgaver kan kommunestyret fastsette et reglement ...»

(Kontrollutvalgsboken 2.utg. side 14)

Innhold

§ 1 Organisasjon og ramme for kontrollutvalet sitt arbeid.....	1
§ 2 Val og samansetjing	2
§ 3 Kontrollutvalet sitt ansvarsområde.....	2
§ 4 Teieplikt og tilhøvet til habilitet.....	3
§ 5 Kontrollutvalet sitt mynde, oppgaver og uttalar.....	3
§ 6 Møteprinsippet, møtebok og offentlegheit	5
§ 7 Saksbehandlingen for kontrollutvalet.....	6
§ 8 Møterett m.v. i utvalet	7
§ 9 Kontrollutvalet sin innstillingsrett.....	7
§ 10 Sekretariat.....	7
§ 11 Ikraftsettning/endring	8

REGLEMENT FOR KONTROLLUTVALET I SULA KOMMUNE

§ 1 Organisasjon og ramme for kontrollutvalet sitt arbeid

Kommunestyret har det overordna kontrollansvaret for den kommunale verksemda. Kontrollutvalet sitt mynde og oppgaver følger av kommunelova § 23-2.

Kontrollutvalet er direkte underordna kommunestyret.

Kontrollutvalet skal

- føre den løpande kontrollen med kommunen si verksemd på kommunestyret sine vegne
- utføre dei oppgåvene som følgjer av lov og forskrift, for eksempel
 - sjå til at «*kommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte*», jfr. § 23 nr. 2 og behandle kommunen sine årsmeldingar
 - sørge for plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll og følgje opp rapportar frå slik kontroll
- prioritere kontrolloppgåver som kan byggje opp under innbyggjarane sin tillit til kommunen
- arbeide for at all kommunal verksemd oppfyller krava til gjeldande lov og anna regelverk, samt at borgarane har tillit til den kommunale forvaltninga av fellesskapet sine ressursar

Kontrollutvalet kan

- ta opp eitkvart spørsmål ved kommunen si verksemd som er knytt til utvalet sitt kontrollansvar og mynde

Kontrollutvalet har ikkje høve til

- å føre kontroll med kommunestyret eller politiske prioriteringar som er gjort av folkevalt organ. Kontrollutvalet kan likevel uttale seg dersom kommunestyret eller eit anna folkevalt organ er i ferd med å treffe eller har gjort eit **ulovleg** vedtak.

Kontrollutvalet er ikkje eit klageorgan.

§ 2 Val og samansetjing

Kontrollutvalet har fem medlemer, herav leiar, nestleiar og øvrige medlemer. Varamedlemer vert valde i numerisk rekkefølge av kommunestyret sjølv.

Leiaren kan ikkje vere medlem av same parti eller tilhøyre same gruppe som ordføraren. Leiaren skal veljast frå eit av dei partia / gruppene i kommunestyret som ikkje har vervet som ordførar.

Minst eitt medlem skal veljast mellom kommunestyret sine medlemer, (jfr. kommunelova § 23-1). Valet gjeld for den kommunale valperioden.

Ved valet skal ein ta omsyn til erfaring og yrkesbakgrunn, utdanning og tilhøve til andre folkevalde organ.

§ 3 Kontrollutvalet sitt ansvarsområde

Kontrollutvalet sine oppgåver etter kommunelova § 23-2 er å sjå til at:

- kommunen sine rekneskapar vert revidert på ein betryggande måte

- det vert ført kontroll med at den økonomiske forvaltninga går føre seg i samsvar med gjeldande føresegner og vedtak
- det vert utført forvaltningsrevisjon av kommunen si verksemd, og kontroll med selskap som kommunen har eigarinteresser i
- det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser i selskap mv. (eigarskapskontroll)
- vedtak som kommunestyret gjer ved behandlinga av revisjonsrapportar, blir fylgde opp

Utvalet har ikkje noko mynde til å gjere vedtak som bind kommunen sin administrasjon eller andre instansar. Men gjennom rapporteringa si kan kontrollutvalet gi tilråding til kommunestyret om å gjere vedtak.

Kommunestyret sjølv avgjer om kommunen skal tilsetje egne revisorar, delta i eit interkommunalt samarbeid om revisjon eller inngå avtale med ein annan revisor. Kommunestyret vel sjølv revisor. Vedtak etter kommunelova § 24-1 første og andre ledd vert gjort etter innstilling frå kontrollutvalet.

§ 4 Teieplikt og tilhøvet til habilitet

Forvaltningslova sine alminnelege reglar om teieplikt, jfr. forvaltningslova § 13 mv., gjeld for kontrollutvalet sine medlemmer og sekretariatet.

Forvaltningslova kapittel II om habilitet gjeld for kontrollutvalsmedlemene og sekretariatet. I konkrete saker skal kontrollutvalsmedlem i god tid seie frå om tilhøve som gjer eller kan gjere vedkomande inhabil. Avgjerda blir treft av kontrollutvalet, utan at vedkomande medlem deltar, (jfr. forvaltningslova § 8 andre ledd).

§ 5 Kontrollutvalet sitt mynde, oppgåver og uttalar

5.1. Innsynsretten (jfr. kommunelova § 23-2 tredje ledd)

Kontrollutvalet kan hjå kommunen, utan hinder av teieplikt, kreve eikvar opplysning, utgreiing eller eitkvart dokument og gjere dei undersøkingar som det finn nødvendig for å gjennomføre oppgåvene.

Utvalet avgjer sjølv kva for protokollar, referatsaker og ettersynsrapportar, evt. anna materiale, som dei vil ha seg førelagt.

Innsynsretten er tillagt kontrollutvalet som organ og ikkje enkeltpersonar i utvalet. Det er i utgangspunktet kontrollutvalet sjølv som avgjer kva for opplysningar som er nødvendige å krevje, og kva for undersøkingar som er nødvendige å gjennomføre.

Det er av praktiske årsaker likevel behov for delegasjon på dette området.

Følgjande kan, kvar for seg, nytte innsynsretten på kontrollutvalet sine vegne:

- kontrollutvalet sin leiar
- kontrollutvalsekretariatet

5.2. Når kontrollutvalet sine saker skal behandlast i kommunestyret

Kontrollutvalet sin leiar har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker skal behandlast (jfr. kommunelova § 23-2, andre ledd). Utvalet sin leiar kan la eitt av dei andre medlemene i utvalet utøve denne retten på utvalet sine vegne.

Utvalet sin leiar, eller den leiaren peikar ut, skal syte for at møteretten alltid vert nytta. I saker der utvalet har avgitt innstilling til kommunestyret, er det alltid leiaren sjølv som bør møte og vere budd på å gjere greie for, og eventuelt utdjupe, utvalet sitt syn.

5.3. Kontrollutvalet sin møterett i lukka møte

Kontrollutvalet har rett til å vere til stades i lukka møte i folkevalde organ i kommunen. Kommunestyret sjølv kan bestemme at denne retten ikkje gjeld lukka møte i kommunestyret (kommunelova § 23-2 fjerde ledd).

Kontrollutvalet sin rett til å vere til stades i eit lukka møte gjeld det samla utvalet. Dersom kun enkelte medlemmer møter, må desse vere utpeika av utvalet for å kunne utøve denne retten. Utvalet har utpeika kontrollutvalet sin leiar og/eller nestleiar til å ivareta denne retten.

5.4. Oppfølging av revisjonsarbeidet

Som ledd i utvalet si oppfølging av revisjonsarbeidet skal revisjonen sin årlege plan for verksemda leggjast fram for utvalet for godkjenning. Utvalet skal gjennom året følge opp planen.

Kommunerevisor skal rapportere avvik til utvalet.

Årlege meldingar om kontrollutvalet og revisjonen si verksemd skal leggjast fram for kommunestyret til orientering.

Dersom revisor oppdagar eller på annan måte blir underretta om mislegheiter, skal revisor sende innberetning til kontrollutvalet med kopi til kommunedirektøren/rådmannen.

5.5. Forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen skal baserast på risiko- og vesentlegheitsvurdering av kommunen si verksemd.

Planen vert vedtatt av kommunestyret sjølv som kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planperioden.

Revisor rapporterer resultat av forvaltningsrevisjon til kontrollutvalet for behandling.

Kontrollutvalet skal avgi rapport til kommunestyret om kva for forvaltningsrevisjonar som er gjennomført og om resultata av desse.

5.6. Selskapskontroll

Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal vedtakast av kommunestyret sjølv, som kan delegere til kontrollutvalet å foreta endringar i planperioden.

5.7. Kommunen sin årsrekneskap og årsmelding

Kontrollutvalet skal innanfor sitt ansvarsområde gi direkte innstilling til kommunestyret. Når revisjonsberetninga frå revisor er blitt lagt fram for kontrollutvalet, skal utvalet avgi uttale om årsrekneskapen til kommunestyret. Kopi av uttalen skal oversendast formannskapet, før dette organet avgir innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

5.8. Kontrollutvalet sitt budsjett

Kontrollutvalet utarbeider forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen etter at budsjetta er vedtatt av årsmøtet for revisjonen som er organisert som SA, og representantskapet for sekretariatet som er organisert som interkommunalt selskap. Kontrollutvalet sitt forslag skal følgje formannskapet si innstilling om årsbudsjettet til kommunestyret. Kontrollutvalet si innstilling om budsjett skal innarbeidast uendra i rådmannen sitt budsjettframlegg.

5.9. Kompetansevedlikehald for kontrollutvalet sine medlemmer

Kontrollutvalet skal ta omsyn til behovet for opplæring av utvalet sine eigne medlemmer, og ta initiativ til at dette behovet til eikvar tid vert dekt. Rettleiing om arbeidet i kontrollutvalet bør tilpassast medlemmene sine behov og dei saksområda som til eikvar tid er aktuelle.

Utvalet bør tilby orientering og informasjon om kontrollutvalet si rolle mv. til kommunestyret og andre folkevalde organ.

§ 6 Møteprinsippet, møtebok og offentlegheit

6.1. Møteprinsippet

Kontrollutvalet skal behandle sine saker og treffe vedtak i møte (jfr. kommunelova § 11-2). Kontrollutvalet har ikkje utan særskild heimel høve til å nytte seg av fjernmøte (jfr. kommunelova § 11-7) eller skriftleg saksbehandling. Slik heimel for fjernmøte vart gitt ved KMD si forskrift av 13.03.2020 for tidsrommet fram til 01.08.2020, jfr. «Midlertidig forskrift om gjennomføring av fjernmøter i kommuner for å begrense spredning av Covid-19».

6.2. Møtebok

Kontrollutvalet sitt sekretariat syter for føring av framlegg til møtebok og kunngjering av referat frå møta (jfr. kommunelova § 11-4).

Møteboka skal godkjennast av kontrollutvalet seinast i neste møte. Utskrift av møteboka skal sendast utvalet sine medlemmer, ordførar og kommunerevisjonen, og kunngjerast på utvalet sin nettstad.

Melding om vedtak i kontrollutvalet (særutskrifter) blir elles sende til ordførar og dei avdelingar/etatar i kommunen som saka gjeld.

6.3. Offentlegheit

Kontrollutvalet sine møte er opne for alle (jfr. kommunelova § 11-5 første ledd) og saksdokumenta er offentlege (jfr. offentleglova § 3). Vedtak om lukking og avslag på innsynsbegjæring kan likevel vere aktuelt. Lovheimelen for eit vedtak om lukking skal då takast inn i møteboka.

Spørsmål om innsyn i kontrollutvalet sine saksdokument vert handtert av sekretariatet ut frå reglane i offentleglova og forvaltningslova.

§ 7 Saksbehandlinga for kontrollutvalet

7.1. Saksutgreiing, framlegg til vedtak

Kontrollutvalsekretariatet syter for forsvarleg saksutgreiing og legg fram tilråding til vedtak. Når sekretariatet finn det formålstenleg, kan det som ledd i saksførebuinga innhente uttale eller utgreiing frå andre, t.d. kommunen sin administrasjon, andre offentlege organ, involverte private informantar, evt. gjennomføre besøk i verksemder m.v., før saka vert lagd fram for utvalet.

7.2. Utvalet si innhenting av saksopplysningar, (jfr. kommunelova § 23-2 tredje ledd)

For administrasjonen er det kommunedirektøren/rådmannen som har ansvaret for å sjå til at møteplikt etter innkalling frå kontrollutvalet vert oppfylt. Når ei slik innkalling ikkje gjeld kommunedirektøren/rådmannen personleg, kan kommunedirektøren/rådmannen peike ut andre frå administrasjonen til å møte og gi opplysningar, evt. saman med kommunedirektøren/rådmannen sjølv. Dersom kontrollutvalet bed om at ein enkelt tilsett møter personleg, skal kommunedirektøren/rådmannen om nødvendig pålegge vedkomande dette. Kommunedirektøren/rådmannen kan då ikkje setje avgrensingar når det gjeld kva den enkelte tilsette skal forklare seg om, og kommunedirektøren/rådmannen kan ikkje krevje å vere til stades under forklaringa.

Folkevald representant kan kallast inn til kontrollutvalsmøte for å gi informasjon til utvalet om tilhøve som knyter seg til utføringa av vervet eller oppgåva som folkevald.

7.3. Høyringar

For å avklare grunnlaget for utvalet sine vurderingar i ei konkret sak kan kontrollutvalet gjennomføre høyringar.

Utvalet førebur utspørjingane som skal avgrensast til det som er nødvendig for saka. Det skal leggjast til rette for kontradiktorisk behandling. Dei som skal stille til høyring skal i god tid før høyringa ha høve til å bli gjort kjende med ramma for dei spørsmåla som skal stillast.

Kommunedirektøren har plikt til å møte til høyring i ope møte. Andre tilsette i kommunen skal ikkje påleggast å stille til høyring som er open for alle.

7.4. Bruk av ekstern kompetanse

Kontrollutvalet kan gjere seg nytte av sakkunnig hjelp når utvalet finn dette nødvendig.

§ 8 Møterett m.v. i utvalet

Ordføraren har møte- og talerett i kontrollutvalet. Ordføraren kan la seg representere ved eit anna medlem av kommunestyret.

Revisor, eller revisor sin stedfortredar, har møte- og talerett i kontrollutvalet sine møte og kan kreve sine uttalar i møtet protokollert.

§ 9 Kontrollutvalet sin innstillingsrett

Jfr. kommunelova § 23-5.

I saker der kontrollutvalet rapporterer resultatet av arbeidet sitt til kommunestyret har kontrollutvalet åleine innstillingsrett, dvs. rett til å fremje forslag til vedtak for kommunestyret.

Før kontrollutvalet behandlar saka, skal kommunedirektøren/rådmannen ha hatt høve til å uttale seg innan ein frist som sekretariatet set. Slik uttale skal sjåast på som endeleg frå administrasjonen si side.

Kontrollutvalet sin einerett til å gi innstilling er ikkje til hinder for at saka i tillegg kan leggjast fram for andre folkevalde organ. Slik eventuell fråsegn kan då ikkje kome i staden for utvalet si saksførebuing, men berre nyttast som eit supplement til denne.

§ 10 Sekretariat

Kontrollutvalet har eit eige sekretariat, jfr. kontrollutval- og revisjonsforskrifta § 7. Sekretariatet skal

- vere uavhengig av kommunen sin administrasjon og av den eller dei som utfører revisjon for kommunen
- førebu sakene for kontrollutvalet og sjå til at dei sakene som skal behandlast av kontrollutvalet er forsvarleg utgreidde
- leggje fram tilråding til vedtak
- påsjå at kontrollutvalet sine vedtak blir iverksette, (jfr. kontroll- og revisjonsforskrifta § 6 andre punktum)
- vere kommunerevisjonen sitt kontaktledd overfor kontrollutvalet i alle saker. Sekretariatet er det organet som skal formidle oppgåver som etter vedtak i kontrollutvalet skal utførast av kommunerevisjonen
- syte for at utvalet sine medlemer og varamedlemer blir gjort kjende med kontrollutvalsekretariatet si personvernerklæring
- innhente skriftleg samtykke til bruk av personopplysningar.

Den som utfører sekretariatfunksjon for kontrollutvalet, er direkte underordna kontrollutvalet og skal følge dei retningslinene og pålegga som utvalet gir.

§ 11 Ikraftsetjing/ending

Dette reglementet trer i kraft frå den datoen det er vedtatt i kommunestyret.

Ending av dette reglementet kan berre gjerast av kommunestyret. Kontrollutvalet skal avgi uttale til eventuelle endringsforslag.

SAK 25/20 OPPFØLGING AV KOMMUNESTYRET SITT VEDTAK OM PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON

Bakgrunn:

Sula kontrollutval gjorde i sitt møte 26. august 2020 (sak 18/20) vedtak om innstilling til Sula kommunestyre. Saka blei handsama i Sula kommunestyre på deira møte 15. oktober 2020 (sak 095/20) i tråd med framlegget frå kontrollutvalet. Kommunestyret valde å prioritere følgande tema:

1. Sakshandsaming i barnevernet
2. Oppfølging av rutinar for offentleg innkjøp
3. Økonomistyring i pleie- og omsorgstenesta

Vurdering:

Sula kommune har no ein godkjent plan for forvaltningsrevisjon og neste trinn er å bestille ein prosjektplan frå Møre og Romsdal Revisjon SA.

I denne saka handlar det om å «spisse» tema og tydeleggjere målsettinga med ein forvaltningsrevisjonsrapport.

I prosjektplanen som revisor utarbeider blir kontrollutvalet sine innspel operasjonaliserte med føremål og problemstillingar. Det er også viktig at det går fram kva kriterium revisjonen vil leggje til grunn, metodebruk og planlagd tids- og ressursbruk. Då vil kontrollutvalet ha eit grunnlag for å vurdere ressursinnsats i høve til prosjektgjennomføring.

Innhaldet i ein prosjektplan

- bakgrunn
- føremål
- problemstillingar
- revisjonskriterium
- metode
- tids- og ressursbruk

Prosjektplanen blir send til sekretariatet, som ser til at planen er i samsvar med bestillinga frå kontrollutvalet. Kontrollutvalet handsamar prosjektplanen, og kan godkjenne han med eller utan endringar.

Dersom utvalet ynskjer vesentlege endringar i prosjektplanen som er lagd fram, vil det vere naturleg å be revisor om å utarbeide ein revidert plan som kan handsamast på etterfølgjande møte.

Dersom dette medfører store forseinkingar, kan kontrollutvalet gje kontrollutvalsleiar, eventuelt i samarbeid med kontrollutvalssekretæren, fullmakt til å godkjenne den reviderte planen.

Tilråding til vedtak:

Sula kontrollutval bestiller ein prosjektplan innanfor temaet sakshandsaming i barnevernet som grunnlag for ein forvaltningsrevisjonsrapport. Prosjektplanen skal leverast på neste møte i Sula kontrollutval (planlagt til onsdag 27. januar 2021) og vere grunnlaget for bestilling av endeleg rapport.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

SAK 26/20 PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL FOR SULA KOMMUNE

- Vedlegg:**
1. Plan for eigarskapskontroll Sula kommune
 2. Risiko- og vesentlegsvurdering frå Møre og Romsdal Revisjon SA (eget pdf vedlegg)

Bakgrunn:

Kontrollutvalet skal ifølge kommunelova sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av kommunen sitt eigarskap i selskapa som kommunen har eigarinteresse i og utarbeide ein plan for eigarskapskontroll i løpet av det første året etter at nytt kommunestyre er konstituert.

Planen skal være basert på risiko- og vesentlighetsvurderinger av kommunen sine eigarinteresser i kommunen sine selskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderinga er å finne ut kor det er størst behov for eigarskapskontroll.

Oversikt over kommunen sine eigarinteresser finst i vedlegget frå Møre og Romsdal Revisjon SA.

Vurdering:

Det vedlagte utkastet gir ei oversikt over kva som kan undersøkast i planperioden. Planen bygger på risiko- og vesentlighetsvurderinger som er utført av kommunen sin revisor, Møre og Romsdal Revisjon SA, samt innspel frå administrasjonen.

Risiko- og vesentlighetsvurderingene skal bidra til at kommunens ressursar til kontrollarbeid blir brukt mest mogleg målretta. Eigarskapskontrollane som vurderast i høve størst risiko og vesentlighet er prioritert og nærmare beskrive i den vedlagte planen.

Ei eigarskapsmelding fastset dei overordna prinsippa for eigarskapet i eit selskap. Ny kommunelov som vart gjeldande etter konstitueringa av kommunestyre hausten 2019 pålegg alle kommunar å utarbeide ei slik melding, jf. KL § 26 – 1.

Det er ein plan som seier noko om korleis kommunen skal utøve eigarskapet sitt i verksemdar, og kva mål og strategiar som er ønskte frå kommunen som eigar.

Det er offentlege verdiane som blir forvalta, og då har offentlegheita både krav til å sjå korleis verdiane av fellesskapet blir forvalta og blir prioriterte, og dei folkevalde skal samtidig ha høve til å påverke vala som blir tekne.

Kommunen sine prinsipp for eigarstyring er eit sentralt punkt i ei slik melding. Det er viktig at kommunen har slike prinsipp og er bevisst og tydeleg i si eigarstyring. At dette står i ei eigarskapsmelding, vil gjere det lett tilgjengeleg både for dei i kommunen som skal drive eigarstyring, for det enkelte selskap og for offentlegheita.

Det er utarbeidd eit utkast til plan for eigarskapskontroll for 2020-2023, jf. vedlegg.

Ein vil tilrå at kommunestyret først får utarbeidd eigarskapsmelding og slik sett får oversikt og kunnskap om kva prinsipp som i dag ligg føre for styringa av selskapa.

Når denne meldinga er vedtatt av Sula kommunestyre, bør kontrollutvalet bruke denne for å prioritere kva selskap (er) ein bør prioritere.

Forslag til spørsmål/vinkling er ikkje bindande for kontrollutvalet. Dette vil bli nærmare vurdert med oppstart av kvar enkelt eigarskapskontroll.

Endringar i risikobiletet kan gjere det nødvendig å gjere endringar i planen. Kontrollutvalet bør, slik kommunelova legg opp til, gis fullmakt til å foreta endringar i planen. Dersom kontrollutvalet ønsker å gjere endringar i vedteken plan skuldast det at risikobiletet har skift, eller at det har oppstått ekstraordinære forhold. Eventuelle endringsvedtak vil bli oversendt kommunestyret til orientering.

Det blir tilrådd at kontrollutvalet sluttar seg til vedlagte planutkast og oversender saka til behandling i kommunestyret med innstilling som foreslått.

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet sluttar seg til det framlagte forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2023. Saka sendast kommunestyret med slik innstilling til vedtak:

1. Kommunestyret vedtar plan for eigarskapskontroll 2020-2023. Første prioritet bør vere å få utarbeidd ei eigen eigarskapsmelding for Sula kommune i tråd med ny kommunelov. Kontrollutvalet bør vente med bestilling av eigarskapskontroll til denne meldinga er vedtatt.
2. Kontrollutvalet får fullmakt til å gjere endringar i planen. Ei slik eventuell justering av planen bør bygge på eventuelle endringar i risikobiletet og dei signal som kjem fram i eigarskapsmeldinga.
3. Kontrollutvalet bør prioritere å vere med på eigarskapskontrollar som blir initiert av andre kontrollutval i selskap som ein eig saman.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL SULA KOMMUNE 2020 - 2023

INNHALD

Plan for eigarskapskontroll Sula kommune 2020 - 2023	1
Bakgrunn	2
Innhaldet i eigarskapskontrollen	3
Prioritering av eigarskapskontroll i denkomande perioden	5
Gjennomføring og rapportering	6
Sluttord	6



BAKGRUNN

På landsbasis eksisterer ei stor mengde kommunale selskap. Dette set fokus på rolla til kommunane som samfunnsansvarlege eigarar. Kommunale selskap utøver aktivitetar på ei rekke område. Ved sida av eigedomsdrift og forretningsmessig tenesteyting er verksemd innan kraft- og vassforsyning eit vanleg forretningsområde for kommunale selskap i fylket vårt.

Kommunane har i aukande grad valt å bruka fristilte organisasjonsmodellar som selskap, samarbeid, stiftingar ol, for å løysa ulike kommunale oppgåver. Utviklinga synes å fortsetta i retning av auka bruk av fristilte organisasjonsformer. Dette gjer at organiseringa av den kommunale verksemda blir meir kompleks og fragmentert, og inneberer nye utfordringar både når det gjeld styring, kontroll og tilsyn.

På bakgrunn av denne utviklinga har kommunelova (KL) gitt kontrollutvalet ansvar for «å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyret sine vedtak og anerkjente prinsipp for eigarstyring», jf. KL § 23-2, d) og 23-4.

Spørsmål om sjølve drifta av selskapa og som inneber analysar av korleis selskapet reint faktisk utøvar oppgåvene sine og som krevjar innsyn, må gjerast i form av ein forvaltningsrevisjon og er ikkje ein del av denne planen. Ein skal altså sjå til at den som utøver kommunen sine eigarinteresser gjer det i samsvar med kommunestyret sine vedtak og anerkjente prinsipp for eigarstyring.

Det er kontrollutvalet som ifølge KL har ansvar for å sjå til at det vert gjennomført eigarskapskontroll. I dette ligg det at kontrollutvalet har ansvar for at det vert utarbeidd ein plan for gjennomføring av eigarskapskontroll. Vidare har kontrollutvalet ansvar for å bestilla dei kontrollane som etter planen skal gjennomførast. Det er kommunestyret sjølv som vedtar planen. Planen gjeld for kommunestyreperioden 2020 – 2023, eller til ny plan ligg føre.

Utgangspunktet for eigarskapskontrollen er at kommunale selskap utfører ein stor del av kommunal tenesteproduksjon. Kommunen leverer tenester gjennom sitt eigarskap og dette krev ei balansert eigarstyring. På den eine sida skal selskapa driftast med tanke på å utnytte fordelar som ligg i at delar av forretningsdrifta er kommersiell. På den andre sida skal demokratisk styring og etterleving av gjeldande prinsipp i kommunal forvaltning ivaretakast.

Spørsmålet ein gjerne stiller seg i denne type kontrollar er om eigarstyring av kommunale selskap inneber for mykje fridom eller for sterk styring av selskapa. Utfordringa for kommunen er å utøve god demokratisk eigar- og selskapsstyring, og samtidig oppnå fordelane som ligg i organiseringa i selskapa.

INNHALDET I EIGARSKAPSKONTROLLEN

Det materielle kontrollarbeidet innanfor eigarskapkontrollen blir gjennomført av revisjonen. For eigarskapkontrollen vil derfor kravet om god kommunal revisjonsskikk gjelda. I forskrifta ligg det at rapport med utsegner, både frå det kontrollerte selskapet og kommuneadministrasjonen, skal bli sendt frå kontrollutvalet til kommunestyret for behandling og vedtak.

Kontrollutvalet blir seinare føresett å «sjå til» at kommunestyret sitt vedtak om eigarskapkontroll blir etterlevd i kommunen og halda kommunestyret orientert om dette.

Eigarskapkontroll som tilsynsform er avgrensa til å omfatta forvaltninga av eigarinteressene frå kommunen i selskapa, her under kontroll av om desse eigarinteressene blir tatt vare på i samsvar med vedtaka og føresetnadene til kommunestyret.

Eigarskapkontroll kan likevel gi grunnlag for ein seinare utvida forvaltningsrevisjon i tilfelle det blir avdekt forhold som indikerer behov for ein meir grundig gjennomgang av selskapet eller visse sider ved det.

Eigarskapskontrollen består i å sjå på korleis kommunens eigarinteresse i selskapet vert utøvd, og om utøvinga er i tråd med kommunestyrets vedtak og føresetnader. Kontrollen omfattar alle selskap der kommunen har eit eigarskap. Denne kontrollen går i liten grad på sjølve selskapet, bortsett frå å sjå til at det er rutinar for styrets rapportering til selskapets eigarorgan.

Eigarskapskontrollen omfattar følgjande:

- kontroll ved selskapsetableringa
- kontroll av at kommunestyret har etablert tydelege føringar for eigarskap

- kontroll av at kommunen har rutinar for å følgje opp og evaluerer eigarinteressene sine (f. eks. eigarskapsmelding, overordna eigarskapsstrategiar og generelle rutinar)
- kontroll av at den som tek vare på kommunens eigarinteresse opptrer i samsvar med kommunens vedtak og føresetnader (forvaltninga av kommunens eigarinteresser. Eit element er spørsmål til alle eigarrepresentantane i dei enkelte selskapa kommunen eig)

Nokon av spørsmåla som gjerne blir stilte til kommunen som forvaltar av offentlege interesser kan vera følgjande:

- kva er målsetjinga med eigarskapet til kommunen, er det etablert konkrete mål?
- kva er strategien til kommunen for å nå målsetjinga med det å eiga selskapet?
- tar strategien t.d. tilstrekkeleg omsyn til forventa framtidig utvikling?
- korleis blir strategien sett ut i livet, dvs. kor klar eller tydeleg er handlingsplanen eller andre gitte føringar for eigarskapet?
- fører kommunen kontroll med om målsetjinga blir nådd?
- korleis blir behandla avvik frå måla når/dersom resultata ikkje er som føresett?

I forhold til selskapa kan det som døme blir stilt følgjande spørsmål:

- tilfører selskapet gjennom dialog med eigar den nødvendige informasjonen til kommunen?
- får, svarer på og etterlever selskapet styringssignala som kjem frå eigaren?
- har styret i selskapet den kompetansen som er naudsynt?
- korleis samsvarar selskapa sine verdiar med Sula kommune sine egne sett av verdiar?
- tek selskapa omsyn til FN sine bærekraftsmål?

PRIORITERING AV EIGARSKAPSKONTROLL I DEN KOMANDE PERIODEN

Sula kommune sitt eigarskap i aktuelle selskap er stort sett eit samarbeid med andre kommunar. Det betyr at det kan være andre eigarkommunar set i gang eit prosjekt som Sula vert spurd om å delta i.

Til vanleg vert slike prosjekt sett i gang av dei største eigarane. Eit slikt døme er selskapskontrollen av ÅRIM (Ålesundregionens interkommunale miljøsekskap) frå 2018 som Sula kontrollutval handsama i sak 08/18. Ein bør fortsette denne praksisen med å samarbeide med andre kommunar der ein eig sekskap i lag.

Ein vil likevel tilrå at kommunestyret først får utarbeid eigarskapsmelding og slik sett får oversikt og kunnskap om kva prinsipp som i dag ligg føre for styringa av sekskapa.

Når denne meldinga er vedtatt av Sula kommunestyre bør kontrollutvalet bruke denne for å sjå nærare på kva sekskap (er) ein bør prioritere.

Forslag til spørsmål/vinkling er ikkje bindande for kontrollutvalet. Dette vil bli nærmare vurdert i forbindelse med oppstart av kvar enkelt eigarskapskontroll.

Endringar i risikobildet kan gjere det nødvendig å gjere endringar i planen. Kontrollutvalet bør, slik kommunelova legger opp til, gis fullmakt til å foreta endringar i planen. Om kontrollutvalet ønsker å gjere endringar i vedtatt plan skuldast det at risikobildet har skiftet, eller at det har oppstått ekstraordinære høve. Eventuelle endringsvedtak vil bli oversendt kommunestyret til orientering.

GJENNOMFØRING OG RAPPORTERING

Sekretariatet er kontaktpunktet frå kontrollutvalet mot revisjonen og dialogpartnar undervegs i arbeidet med rapporten. Sekretariatet vil følgja med i status og framdrift i arbeida og at kontrollrapportar finst til avtalt tid og innanfor dei kostnadsrammene som gjeld.

Revisor skal gjennomføre eigarskapskontroll i samsvar med kontrollutvalets vedtak. Revisor skal forsikre seg om at kontrollutvalet og revisor har lik forståing av oppdraget, og at rammene er tilstrekkeleg klarlagt.

Videre skal revisor skal vurdere om kontrollutvalets vedtak lar seg gjennomføre. Dersom revisor finner det påkravd, må revisor avklare oppdraget nærare med kontrollutvalet.

Dersom revisor ser behov for å endre problemstilling(ene) eller annet undervegs i ein slik grad at det har vesentleg betydning for gjennomføringa av oppdraget, skal dette avklarast med kontrollutvalet.

Revisor skal utarbeide en skriftleg prosjektplan for kvar eigarskapskontroll. Prosjektplanen skal redegjøre for problemstilling(er), kriteria eller grunnlaget for desse, og metodebruk.

Rapport om eigarskapskontroll i selskap bør behandlast på same måte som andre forvaltningsrevisjonar, med direkte rapportering til kommunestyra.

I den grad rapporten inneholder konkrete anbefalingar til eigarane (eigarskapskontrollen) eller selskapet (forvaltningsrevisjon) vil rapporten bli følgt opp av kontrollutvalet, og sak angående oppfølging vil bli vidaresendt kommunestyret.

Ordninga med ein samordning av kontroller i selskapa som har fleire eigarar, skal i størst mogleg grad fortsette. Sekretariatet og revisor gjev rapport etter gjennomført selskapskontroll til kontrollutvalet.

SLUTTORD

Erfaring tilseier at risikobildet for eigarskap endrar seg forholdsvis raskt, og det er behov for en viss moglegheit til å respondere på utviklingar gjennom perioden. Dette bør imidlertid ikkje føre til at kontrollutvalet fråviker prinsippet om at bestilling av eigarskapskontroll skal være basert på vurderingar av risiko og vesentlighet, så eventuelle endringar bør gjerast med dette som bakgrunn.

SAK 27/20 MØTEPLAN FOR SULA KONTROLLUTVAL 2021

Bakgrunn:

Det er viktig å sørge for at kontrollutvalet har tilstrekkeleg med møte, slik at utvalet kan utføre og følgje opp dei oppgåver som er naudsynte for å sikre forsvarleg kontroll og tilsyn.

Ein bør unngå at det går så lang tid frå eit møte til det neste at sakene som kjem opp mistar sin aktualitet. Sjølv om mindre kommunar handsamar færre saker enn større kommunar, er det likevel faste oppgåver gjennom året og valperioden som gjer det naturleg at kontrollutvalet har eit minimum av møte.

Det kan også være aktuelt med møte i tillegg til møteplanen om situasjonen krev det.

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet i Sula kommune vedtar følgande møter for kalenderåret 2021:

onsdag 27. januar, onsdag 24. mars, torsdag 20. mai, onsdag 1. september, onsdag 17. november

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS